

Vil utvida og utvikla klatremiljøet.

09.04.2017



Øystein Eik(f.v.), Karsten A. Haugland, Vigdis Gammelsæther og Chris Fossli ønskjer å utvikla klatremiljøet i kommunen.

Det var stor aktivitet i hallen i aktivitetshuset søndag ettermiddag. Då uskedalen.no var innom rundt kl.16.30, var det godt frammøte frå heile Kvinnherad på familieklatringa, og i tillegg dreiv nokre og førebudde dugnad for å gjera forbetringer i veggen. Til dette hadde motteke gavé på 50.000 kr frå Sparebank1 Kvinnheradstiftinga.



Familieklatringa på søndagar er populær.

- No har Chris svidd av resten av pengane vi fekk frå Sparebankstiftinga til tak(grep) og utstyr, så no skal det på plass. Vi har også brukt av den gåva til tidlegare forbetringar av klatreveggen, kunne Vigdis Gammelsæther fortelja. Ho sa også at dei no hadde fått eit styre for klatreakтивitetane. I tillegg til Vigdis Gammelsæther er Christoffer Fossli og Rosendalsparet Øystein og Tina Eik med i det styret.

Dei syns familieklatringa innandørs kvar søndag mellom kl.16 og 18 er eit svært godt tilbod. Det viser også det gode frammøtet denne fine ettermiddagen, men dei ønskjer i tillegg å utvikla eit betre tilbod for klatring ute. Det gjeld både buldring og vanleg klatring.

- Kvinnheradsnaturen er jo skapt for klatring, og den vert mykje brukt av klatrarar, men dei er stort sett tilreisande. Vi håpar på å skapa eit miljø for uteklatring. Eit eige klatremiljø vil også profilera Kvinnherad endå betre når det gjeld det som naturen har å by på, seier dei fire. Dei har mange planar, men det må gjerast førearbeid både med avtalar med grunneigarar, og bolting med meir.

- Vi ønskjer oss også eit lokale til buldregym. Eit rom på ca. 50 m² der det er 3-4 meter under taket, seier Christoffer Fossli. Dersom det er nokon som har eit slikt lokale, er dei svært interesserte i kontakt.

Planane har dei alså. Pågangsmotet, entusiasmen og kompetansen er der. Dei håpar også at det kan ordna seg med midlar slik at dei kan få utvikla eit aktivt klatremiljø i Kvinnherad.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland